



Musikklaget under konserten i fjor sommar.

I fjor arrangerte friluftslaget ein forsommarkonsert på Stemneplassen etter initiativ frå musikklaget. Dette var så vellykka at det vert gjenteke i år. Torsdag vert det invitert til ein koseleg konsert på den vakre plassen i Skårhaug ved sida av bedehuset. Det vert eit variert og koseleg program.

Mellom dei som deltar i programmet er dei to unge gitaristane Jaran J. Eide og Sondre Klyve. Begge er elevar i kulturskolen, og dei har hatt flott utvikling gjennom undervisninga dei har fått der.

Den gamle jubelgutten Per Myklebust stiller med trompeten, og saman med Kristian Bringedal gjev han smakebit frå repertoaret til Jubelgutta frå den tida dei dreiv som danseband for om lag 50 år sidan.

Musikklaget vil opptre i to avdelingar med lett og publikumsvennleg musikk.

Det unge songtalentet Ronya Lakselv skulle også ha delteke. Dessverre inntraff det ting som gjorde at ho måtte melda avbud. Helgvis har ho sagt at ho vil vera med ved neste anledning.

Elles vert det både allsong og utlodding. Og når Kristian Bringedal styrer dette, veit vi at det skaper den rette og koselege stemningen. Inntektene frå kvelden vil arrangørane i friluftslaget bruka til drift av Stemneplassen.

Vergudane lovar ein god smak av sommar, og dermed vil det nok verta ei retteleg koseleg kveldstund på den vakre plassen i Skårhaug.



Publikum koste seg på konserten i fjor.

Tekst og nett: Thor Inge Døsland
Arkivfoto: Ola Matti Mathisen.